

Referat frå styremøte VH 29.april 2024 på Museet

Møtte: Arne Erik Fønhus, Ivar Aars, Jon Bratrud, Tore Hovda, Nils Rogn, Anne Marit Lien Framnes, Torill Grønbrekk, Ingebjørg Moe.

Sak 12/24 Årsmøtet 2024

Endringar av tidspunkt frå vedtaket 8/24

25 mai startar dagen kl.15 på museet til Ingrid og Jon Hjelle , Hjellevegen 21, avstikker frå Tynvegen, litt nord for Slidre sentrum. Her får vi ein kaffikopp og litt biteti.

Neste post på programmet er Fystro kyrkjeruin Oldrumvegen 134

Derfrå til Røn gamle skule der resten av programmet føregår

Årsmøte kl 18.00 med vanlege årsmøtesaker med påfylgjande matsservering.

Kl.19.30 Teaterframsyning : »Eg er Tølleiv» om Kjørstaddrapet

Val: På val i styret Tove Grethe Kolstad, Jon Bratrud, Arne Erik Fønhus

Vara: Anne Marit Frammnes, Ole Listrubbakken og revisor på val kvart år.

Bygdeboknemd og Historielag er vara for kvarandre.

Valkomite: Berit Nefstad, Odd Arne Rudi, Arild Haglund

Annonse i «Valdres» inn tre veker før årsmøtet. Ingebjørg ordnar det.

Sak 13/24 Søknad om støtte frå Kirkevolls minnefond

Søknad frå Sør- Aurdal historielag til prosjekt Skogshytter i Sør -Aurdal.

Vedtak: kr. 10000 til prosjektet i Sør-Aurdal.

Sak 14/24 Boklageret

Få ei grov oversikt over kva lageret inneheld. Anne Marit organiserar hjelp til dette arbeidet.

Fleire forslag til korleis ein kan gjera nytte av restlageret Skal ein prøve sal?Skal ein annonsera? Kva med ein kontaktperson i kvar kommune.

Sak15/24 Gåvebrev

Forslag frå styret om å sende ut brev til næringsdrivande med forespørsenl om støtte til Årboka

Arne Erik har sendt ut 112 brev og fått mange «positive» svar

Bankane har utdeling ein gong i året med søknadsfrist som ein må merka seg.

Dei som gjev støtte får annonser i årboka.

Sak 16/24 Vippskonto

Det kom forslag om at laget opprettar ein Vippskonto

Vedtak: Vippskonto skal opprettast. Tore ordnar det.

Sak 17/24 Eventuelt

- Minnegåve til Ingar Ranheim. Nils skriv minneord og ordnar med minnegåve på kr.1000 felles frå Valdres Historielag og Valdres Bygdeboknemd.
- Årboka. Nils har oversikt Fristen til innlevering av stoff var 1. mai Det meste som er lovd er på plass.
- Neste styremøte ???

1